

Fylkesmannen i Hordaland

RADØY KOMMUNE	
11/3171	11/256-5
HAS	19 04 2011
KLASSERING P L32	KLASSERING S

Underteikna grunneigarar i Radøy kommune

Klage på vedtak om adressetildeling – Ystebøtræet, Radøy kommune

Viser til motteke vedtak om adressetildeling – Ystebøtræet, saksnr. 069/11, datert 10.03.2011. Underskrivne er eigarar av dei tre eigedomane som har fått tildelt offisiell adresse, Ystebøtræet 1, 2 og 14.

Ystebøtræet er namn på ein bygning (restauret husmannsplass) langs denne vegen, ref. til dømes Kulturhistorisk vegbok s.301, utgjeven av Hordaland fylkeskommune (ISBN 82-7326-026-7).

Eigedomane våre ligg langs vegen frå Slettevegen og ned til Sletta kai. Me ynskjer at det vert oppretta ein ny adresseparsell for bustadane langs denne vegen. Denne adresseparsellen må få namnet Sjøbrekka. Dette vil gjelda for 3 bustadhus, ishuset på kaien og i tillegg campinghyttene som det er tilrettelagt for i Reguleringsplan for Sletta kai og fritid. Det er planlagt 7 campinghytter.

Lokalt har denne vegen alltid vore kalla Sjøbrekka. Med tanke på at området Ystebø er lenger nord på Sletta, og at involverte eigedomar er mellom dei lengst sør i bygda som høyrer til området Mellingen, vil adressa Ystebøtræet vera direkte misvisande.

Adresseparsellen Ystebøtræet kan fortsatt nyttast på vegstrekninga frå Valdersnesvegen fram til kryss mot Ystebørenen eller til brua.

Me vil med dette be om at det vert oppretta ein adresseparsell kalla Sjøbrekka, og at me får endra vår offisielle adresse frå Ystebøtræet til Sjøbrekka.

Sletta 27.03.2011

Roald Egil Straume

Siren Stang Pletten

Rune Mellingen

G.nr. 98 B.nr. 58

G.nr. 98 B.nr.13

G.nr. 98 B.nr. 11

Roald E. Straume

Siren Stang Pletten

Rune Mellingen